

skyss 



Samhandling med kommunane i Hordaland skoleskyss 2017

Oktober 2017

Grunnlag

- Etter Opplæringslova § 13-4, skal Fylkeskommunen organisere skuleskyssen i samråd med kommunen.
- Forvaltningsrevisjon av skuleskyss i april 2016 viser at samhandlinga mellom Fylkeskommunen (v/Skyss) og kommunane ikkje er formalisert og at det er forbetringspotensial når det gjeld kommunikasjon og samhandling.
- Revisjonen tilrår at Skyss etablerer system og rutinar for dialog og samhandling som sikrar at skuleskyssen blir forvalta mest mogleg effektivt og i samsvar med lovkrav.
- Tiltaket skal svare ut behovet for å forbetre kommunikasjon og samhandling med kommunane.

Beskriving

Mål: Å forbedre kommunikasjon og samhandling om skoleskyss mellom Skyss og kommunar i Hordaland.

Kommunikasjonen er planlagt i ein 3-nivå modell:

1. Kommunekontakt skoleskyss
2. Skoleskyssamling for kommunar
3. Kontaktutval

Modell

Overordna mål:

Å forbetre kommunikasjon og samhandling om skoleskyss mellom Skyss og kommunar i Hordaland.

	Kommunekontakt	Skuleskyssamling for kommunar	Kontaktutval
Kvifor?	Føremål: Å opprette ein formel kommunikasjonskanal mellom kommunane og Skyss i forhold til skoleskyss.	Føremål: Å skape rom der Skyss og representantar frå kommunane kan diskutere meiningar, utfordringar og idear relatert til skoleskyss. A få gjensidig forståing av behov og felles forståing av lov og forskrift samt avklaringar kring praktisering.	Føremål: Å drøfte og søke løysingar på skoleskyssaker og utfordringar som fører til ein meir effektivt bruk av ressursane og til ein betre skoleskysssteneste for elevlar i fylket.
Kven?	> Enkelt kontaktpunkt for kommunen > Må formelt utpeikast som "kommunekontakt skoleskyss"	> Dei 33 kommunekontakar for skoleskyss i fylket	> Kommunerepresentant per region (4-5) > Representant for Fylkesmann/Udir > Representant for Skyss
Kva?	> "kvardags"-spørsmål, utfordringar, problemstillingar og spesifikke saker for kommunen	> oppleving av skoleskysssteneste > utfordringar > rutinar > tolking og praktisering av lov og forskrift > forslag, forbettringsidear	> heilskapleg planlegging av skoleskyssen i kommunane for at ressursane blir nytta på ein mest mogleg effektiv måte > tolking og praktisering av lov og forskrift > prinsippell drøfting av saker som gjeld heile fylket > økonomiske utfordringar og avklaringar > ansvarsfordeling > skoleskyssutfordringar i fylket, samt praktiske og økonomiske moglege løysingar
Kor ofte?	> etter behov	> årleg	> 2 (?) ganger per år, fleire etter behov
Korleis?	> direkte kontakt	> 1-dagssamling > fast agenda i tillegg til førehandsmeldte forslag til diskusjon frå kommunerepresentantar	> faste møte, fleire etter behov > fast agenda i tillegg til førehandsmeldte forslag til diskusjon frå representantane



Vegen framover

- Kommunekontakt
 1. Få stadfesting av kommunekontakt skoleskyss for kvar kommune
- Skuleskyssamling for kommunar
 1. Ha kommunekontakt skoleskyss per kommune på plass
 2. Avtale ein dato for fyrste samling, samt agenda
- Kontaktutval
 1. Finne ut kven som blir representantar i utvalet
 2. Avtale ein dato for fyrste samling, samt agenda

